

Sakliste for Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane

Føremål: Fagleg samarbeidsutval

Møtetid: 05.09.24 kl. 10.00 - 14.00

Møtestad: Lærdal sjukehus

Leiar: Barbro Longva

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Barbro Longva	Kommunalsjef	Stad kommune	
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune	
Essi Annika Mäki	Kommunalleiar	Aurland kommune	
Sara Osland	Kommunalsjef	Askvoll kommune	
Jan Helge Dale	Fastlege	Kinn kommune	
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde HF	
Helge Robert Midtbø	Klinikkdirektør KIR	Helse Førde HF	
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Vidar Øvrebø	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt	
Magne Sellevold	Brukarrepresentant Felles brukarutval i Sogn og Fjordane		
Marita Aarvik	Leiar Felles brukarutval i Sogn og Fjordane		
Vara:			
Marius Solbakken	Kommuneoverlege	Stryn kommune	
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	Sunnfjord kommune	
Hilde Tenold	Rådgjevar	Vik kommune	
Kjersti Valvik	Kommunalsjef	Fjaler kommune	
Robert Brennersted	Avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde HF	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Øyvinn Myrmel	Avdelingssjef ISP	Helse Førde HF	
Robin-Andre Sørland	Avdelingssjef LMBB	Helse Førde HF	
Observatørar:			
Normund Svoen	PKO - Sunnfjord	Helse Førde HF	
Anita Sørheim	PKO - Nordfjord	Helse Førde HF	

Saksnr	Tema	Ca kl	Ansvar
	Vi møtast ved hovudinngangen for ei kort informasjonsrunde v/ stadleg leiar LSH	10.00	Vidar Øvrebø
24/24	Godkjenne innkalling og sakliste	10.30	Leiar Barbro Longva
25/24	Godkjenning av referat frå forrige møte Orientering om oppfølging av sak 4/24 og 18/24 - mandat for arbeidsgruppe - utgreiing av samhandlingsrutinar, ADHD.		
26/24	Statusoppdatering ulike felles prosjekt		

	- Kort orientering om samarbeidet mellom xx kommune og BUP Nordfjord - vidare plan frå forprosjekt til prosjekt. - utviklingsprosjekt rekruttering, kompetanse og felles planlegging - arbeidsgruppa kartleggingsverktøy eldre med skrøpelegheit		
27/24	Aktuelt nytt frå samhandlingslegane	10.45	Normund Svoen
28/24	Godkjenning av mandat: Fagnettverket Møteplassen for koordinerande einingar (oppfølging av sak 20/24)	11.00	Maria Ljungløf
29/24	Godkjenning av delavtale svangerskap- fødsel og barselomsorga (oppfølging av sak 22/24)	11.15	Dagrun Kyrkjebø
Lunch og beinstrekk		11.30	
30/24	Orientering om brev frå Norsk Barnelegeforening og Barnesykepleierforbundet	12.15	Dagrun Kyrkjebø
31/24	Erfaringskonferansen: kort informasjon om årets konferanse. Vegen vidare for erfaringskonferansane?	12.30	Dagrun Kyrkjebø/ Kjell-Wernik Nystøyl
32/24	Informasjon om prosjekt digital heimeoppfølging	13.15	Jofrid Aardalsbakke Djupvik
33/24	Eventuelt	13.45	

Referat frå Helsefellesskapet i Sogn og Fjordane

Føremål: Fagleg samarbeidsutval

Møtetid: 16.mai 2024 kl 10.00 - 14.00

Møtestad: Kinn kommune - Florø - Øklandbygget,

4 etg. Møterom Skongenes

Leiar: Barbro Longva

Referent: Randi Holsen Solheim

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Barbro Longva	Kommunalsjef	Stad kommune	
Norunn Stavø	Kommunalsjef	Kinn kommune	
Essi Mekki	Kommunalleiar	Aurland kommune	
Sara Osland	Kommunalsjef	Askvoll kommune	
Jan Helge Dale	Fastlege	Kinn kommune	
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde HF	
Robert Brennersted	Avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde	x
Torill Taklo	Avdelingssjef PHV barn og unge	Helse Førde HF	
Vidar Øvrebø	Stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	
Laila Haugland	Avdelingssjef MED avdeling	Helse Førde HF	x
Robin-Andre Sørland	Avdelingssjef LMBB	Helse Førde HF	
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunalt	
Magne Sellevold	Brukarrepresentant Felles brukarutval i Sogn og Fjordane		
Marita Aarvik	Leiar Felles brukarutval i Sogn og Fjordane		x
Observatørar:			
Normund Svoen	PKO - Sunnfjord	Helse Førde HF	
Anita Sørheim	PKO - Nordfjord	Helse Førde HF	

Saksnr	Tema	Ca kl	Ansvar
13/24	Godkjenne innkalling og sakliste	10.00	Leiar Barbro Longva
14/24	Godkjenning av referat frå forrige møte		
15/24	Statusoppdatering ulike felles prosjekt		
16/24	Aktuelt nytt frå samhandlingslegane	10.20	Normund Svoen
17/24	Forankring av arbeidet med PROsedyre for Oppgåvedeling mellom Fastlegar og Spesialisthelsetenesta	10.35	Normund Svoen
18/24	Mandat for arbeidsgruppe - utgreiing av samhandlingsrutinar, ADHD. Oppfølging av sak 4/24	11.00	Toril Taklo/ Anita Sørheim/ Kjell Wernik Nystøyl
19/24	Barn som pårørande – forslag om oppretting av fagleg nettverk	11.30	Hanne Pettersen
Lunch og beinstrekk		12.00	
20/24	Godkjenning av mandat: Fagnettverket Møteplassen	12.30	Maria Ljunglöf

	innan habilitering og rehabilitering		
21/24	Godkjenning av mandat: Fagnettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling	12.45	Marthe Hauge Aase
22/24	Godkjenning av delavtale: Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga	13.00	Dagrun Kyrkjebø
23/24	Uønska hendingar/samhandlingsavvik, rapportering 2023 Oppdatering på arbeidet i arbeidsgruppa uønska hendingar	13.15	Marte Ulltang Kjell-Wernik Nystøyl/Dagrun Kyrkjebø
25/24	Eventuelt	13:45	

Saksnr	Referat
13/24	Innkalling og sakliste godkjend
14/24	Referat frå forrige møte godkjend utan merknad
15/24	Leiar Barbro Longva orienterte om status på ulike felles prosjekt: • Kompetanse og rekruttering – oppstartmøte alle delprosjekt. Utarbeidd kartleggingsskjema etc. Oppstartprosess med å studere planverka til kommunane og helseføretaket. • Arbeidsgruppa «skrøpelege eldre» er framleis i prosess med oppnemning
16/24	Aktuelt nytt frå samhandlingslegane går ut til fordel for sak 17/24
17/24	Normund Svoen presenterte sak om «forankring av arbeidet med PROsedyre for oppgåvedeling mellom fastlegar og spesialisthelsetenesta». Denne saka var tema i førre FSU-møte. Svoen orienterte om bakgrunn for prosedyren, og presenterte førebels utkast til PROFS som eit utgangspunkt for prosedyrearbeidet. Det vart teke til ordet for at sentrale klinikarar må involverast i arbeidet. I tråd med gjeldande avtale, inneber framlegget at partnarane sjølve svarar for aktuelle kostnader som knyter seg til arbeidet. Vedtak: FSU gjev si tilslutning til å etablere ei arbeidsgruppe for utarbeiding av ny samhandlingsprosedyre. Samhandlingslegane koordinerer arbeidet som skal vere knytt opp til delavtale om tilvisning, inn- og utskriving, og gruppa skal vere samansett både av fastlegar og behandlarar frå helseføretaket.

18/24	Oppfølging av sak 4/24 - mandat for arbeidsgruppe - utgreiing av samhandlingsrutinar, ADHD. Avdelingssjef Torill Taklo informerte kort om prosess for tidlegare arbeid, og signaliserte at avdelingane i HFD er negative til framlegg til vedtak som no føreligg i saksutgreiinga. Taklo presenterte også eit anna prosjekt som kjem til handsaming i SSU-møtet 30.mai. Samhandlingskoordinator Kjell-Wernik Nystøyl informerte om den aktuelle saksprosessen, og synte til korleis tilsvarande sak var handtert i Helse Fonna. Nystøyl oppfordra til at helsefellesskapet finn felles forståing og med mål og ønske om eit felles samhandlingsforløp. Påfølgande diskusjon tydeleggjorde ulik situasjonsforståing mellom partnerane, og det vart drøfta om saka burde utsettast og/eller sjåast i samanheng med sak til SSU 30.mai. Etter noko meiningsutveksling vart det gjort fylgjande vedtak; Partnerane einast om ulik situasjonsforståing, og at denne saka treng større fokus/sakshandsaming. FSU opphevar vedtak i sak 32/23 og 4/24. Fagleg samarbeidsutval ser behovet for å utarbeide ulike samhandlingsmodellar på systemnivå, og ber om at det vert førebudd sak til strategisk samarbeidsutval der partnerane kan einast om vidare prosess for slike saker.
19/24	Rådgevar Hanne Pettersen deltok digitalt, og i eigen presentasjon orienterte ho om sak «barn som pårørande med forslag om oppretting av fagleg nettverk» Saksutgreiinga syner til årlege felles fagdagar for helseføretaket og Sunnfjord kommune. Med bakgrunn i positive erfaringar frå denne samhandlinga, vert det no initiert nettverksetablering med alle kommunane og helseføretaket. Partnerane drøfta saka, med slikt vedtak; Fagleg samarbeidsutval godkjenner oppnemning av arbeidsgruppe med likeverdig representantar frå partnerane inkludert brukarmedverknad. Sekretariatet koordinerer oppnemninga, og gruppa skal utarbeide framlegg til mandat for eit potensielt fagnettverk etter modell frå andre helsefellesskap. FSU ber om at saka kjem tilbake i utvalet hausten 2024.
20/24	Gjennom digital deltaking presenterte rådgevar i koordinerande eining Maria Ljungløf, sak om «godkjenning av mandat for fagnettverket Møteplassen - innan habilitering og rehabilitering». Sjå eigen PP-presentasjon. «Møteplassen» er eit nettverk for dei koordinerande einingane i Helse Førde sitt føretaksområde. I samband med prosessen for revidering av delavtale skal no gjeldande samarbeidsavtale for dette nettverket omgjerast til eit mandat. Utvalet kom med ulike innspel til tekstdokumentet. Mellom anna må tittelen «Mandat Fagnettverket Møteplassen innan habilitering og rehabilitering» bere i seg nemninga «koordinerande eining». Det vart også peika på at delavtalen som dannar grunnlaget for mandat formelt må avsluttast. Arbeidet med mandatet bør også i større grad spegle

	framlegg i nasjonal- og samhandlingsplan samstundes som arbeidet må forankrast i kommunane. Oppsummering; FSU godkjenner ikkje mandatet slik det ligg føre. Utvalet ber om at arbeidsutvalet i nettverket reviderer mandatet med dei kommentarane som framkom i møtet. Saka vert sett på agendaen i møte 3/2024.
21/24	Regional medarbeidar i Kompetansesenteret i lindrande behandling Marthe Hauge Aase presenterte sak om godkjenning av mandat for Fagnettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling. PP-presentasjon fylgjer som vedlegg til referatet Utvalsmedlemmane gav honnør til Aase og nettverket for vel utført arbeid. Litt korrigering av framlegg til vedtak, som vart slik; Mandatet avløyser samarbeidsavtalen om nettverket frå dags dato. FSU godkjenner mandatet med fylgjande endring; FSU oppnemnar medlemmar frå partnarane til styringsgruppe og driftsgruppe.
22/24	Dagrun Kyrkjebø orienterte om prosessen om arbeidet med utkast til delavtale: Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga. Delavtalen fylgjer som vedlegg til referatet. For å sikre medverknad og innspel frå kommunane og avdelingane i Helse Førde har delavtalen blitt distribuert til partnarane slik at desse har hatt høve til å kome med innspel før endeleg behandling i dagens møte. Det er ikkje kome konkrete tilbakemeldingar i denne prosessen. I møtet vart det likevel peika på endringsdetaljar kring tidsperspektivet på følgeteneste dagens delavtale. Utvalet kom til semje om at dette var moment som arbeidsgruppa bør vurdere på nytt, samt korrigeraast før endeleg vedtak i SSU. Vedtak: Utkast til delavtale må tilbake til arbeidsgruppa for korrigering og endring i teksten som gjeld punkt 10 om reisetid frå heimen til fødeinstitusjon. Fagleg samarbeidsutval tilrår at ny korrigert delavtale kjem til handsaming og vedtak i strategisk samarbeidsutval i løpet av hausten 24.
23/24	Marte Ulltang deltok digitalt og presenterte sak om uønska hendingar /samhandlingsavvik frå 2023. Sjå eigen presentasjon om detaljar i høve til melding og avvikssaker. Dagrun Kyrkjebø informerte om korleis arbeidsprosessen og oppfølginga i arbeidsgruppa frå partnarane har fungert det siste halvåret. Spørsmålet er framleis korleis partnarane kjem vidare med forbetningsarbeidet? Det er ønske om at saka vert førebudd til djupdykk ila hausten.
25/24	Eventuelt – sak om samhandlingsbarometeret går ut til partnarane via epost frå Dagrun.

Til: Fagleg samarbeidsutval

Frå: Maria Ljunglöf

Sak 28/24 Godkjenning av mandat for fagnettverket møteplassen for koordinerende eining

Bakgrunn:

Oppfølging av sak 20/24 «Godkjenning av mandat for fagnettverket Møteplassen – innan habilitering og rehabilitering»

Frå referatet:

FSU godkjenner ikkje mandatet slik det ligg føre. Utvalet ber om at arbeidsutvalet i nettverket reviderer mandatet med dei kommentarane som framkom i møtet. Saka vert sett på agendaen i møte 3/2024.

Aktuelt:

Delavtalen for “Fagnettverket Møteplassen innan habilitering og rehabilitering” er no endra til Mandat “Fagnettverket Møteplassen for koordinerende einingar”. Tittelen for Fagnettverket har vore “Møteplassen innan habilitering og rehabilitering”, då koordinerende eining i alle lovdokument blir omtala som “Koordinerende eining for habilitering og rehabilitering”. Etter 2012 har oppgåvene til koordinerende eining omfatta alle pasientar, ikkje berre pasientar innan habilitering og rehabilitering.

Frå Nasjonal veileder Rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator:

«Ansvaret omfatter alle pasient- og brukergrupper med behov for langvarige og koordinerte tjenester, og er ikke avgrenset til habilitering og rehabilitering.»

Tittel i lovdokument er framleis “Koordinerende eining for habilitering og rehabilitering”.

I Nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027 er det også understreka at ansvaret til dei koordinerende einingane ikkje skal vere avgrensa til habilitering og rehabilitering:

«Koordinerende enhet skal ha et overordnet ansvar for IP, og oppnevning, opplæring og veiledning av koordinatorene, som ikke er avgrenset til rehabilitering og habilitering»

Fagleg samarbeidsutval ønska i møte den 16. Mai –24 at ein, i tråd med Nasjonal helse og samhandlingsplan, går vekk frå “habilitering og rehabilitering”.

Mandatet er no endra etter tilbakemeldingane frå FSU.

Framlegg til vedtak:

1. Fagleg samarbeidsutval godkjenner mandatet slik det ligg føre.
2. Mandatet for fagnettverket erstattar delavtalen «Fagnettverket Møteplassen innan habilitering og rehabilitering» frå 01.10.24

Mandat

Fagnettverket Møteplassen for Koordinerende einingar

Bakgrunn

Funksjonen Koordinerende eining er forankra i Spesialisthelsetenestelova, Helse og omsorgstenestelova samt i Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator.

Oppgåver og funksjoner for Koordinerende einingar er knytt til anbefalingane i Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator (2015).

Koordinerende eining i helseføretak og kommunar er faste, gjensidige kontaktpunkt for samarbeid og samhandling. Dei koordinerende einingane skal m.a. bidra til å sikre heilskaplege tilbod til pasientar med langvarige og samansette behov. Eininga si kjerneverksemd er å utvikle rutinar og møteplassar for samarbeid, informasjon og kompetanseutvikling på tvers av fag, nivå og sektorar. Koordinerende eining skal ha et overordna ansvar for Individuell plan og oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorar. Dette arbeidet er ikkje avgrensa til rehabilitering og habilitering.

Nettverket mellom dei koordinerende einingane og deira samarbeidspartar utgjør fagnettverket Møteplassen for Koordinerende einingar.

Forankring

Møteplassen er forankra i [lovpålagte samarbeidsavtale](#) mellom kommunar og spesialisthelsetenesta i helseføretaksområde.

Møteplassen skal:

1. vere eit forum for dei koordinerende einingane i kommunane og spesialisthelsetenesta.
2. legge til rette for samhandling mellom koordinerende eining (KE) og aktuelle samarbeidspartnarar.
3. legge til rette for at private institusjonar på området i fylket og felles brukarutval i Sogn og Fjordane kan delta.
4. legge til rette for erfarings- og informasjonsutveksling
5. vere ein del av samhandlingsstrukturen mellom kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarorganisasjonar og andre relevante samarbeidspartnarar som har til oppgåve å styrke samanhengande tenestetilbod til pasientar med langvarige og samansette behov .
6. til ei kvar tid vere sentral i det lokale og i det regionale arbeidet for utvikling og synleggjering av oppgåver innan fagområda.

Målgruppe - Deltakarar

Møteplassen er for koordinerende einingar, leiarar og samarbeidspartnarar, både offentlege og private.

Arbeidsutval AU

Arbeidsutvalet har særskilt ansvar for å bidra til utarbeiding av program og møteplan for Møteplassen. Som utgangspunkt for arbeidet ligg sentrale utfordringar knytt til habilitering, rehabilitering og koordinerte helse- og omsorgstenester til pasientar med langvarige og samansette behov i og mellom ulike forvaltningsnivå og private rehabiliteringsinstitusjonar.

Deltakarar i AU

- Fire medleamar som representerer dei koordinerande einingane i kommunane. Ein frå kva region(Sogn, Sunnfjord, Nordfjord og Hafs)
- Ein representant frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.
- To til tre representantar frå spesialisthelsetenesta.
- Ein til to brukarrepresentantar oppnemnde av Felles brukarutval i Sogn og Fjordane.
- Rådgjevar for Koordinerande eining i helseføretaket.

Arbeidsutvalet møtest 4 – 6 gongar pr år(digitalt)

Rådgjevar for koordinerande eining i Helse Førde leiar arbeidsutvalet.

Møteverksemd/drift

Møteplassen skal arrangerast ein til to gonger i året, etter behov. Samlingane vil veksle mellom fysiske og digitale arrangement, og innehalde førelesingar, erfaringsdeling, refleksjon og kunnskap om systematisk kvalitetsarbeid.

Alle deltakarar i kontaktnettverket kan gjere framlegg om tema og melde ønske om innhald. Tema og problemstillingar på Møteplassen må vere av felles interesse.

Helseføretaket representert ved rådgjevar for Koordinerande eining og kommunane har hovudansvar for drift av Møteplassen.

Kommunikasjonsform

Invitasjon til Møteplassen blir sendt elektronisk til kontaktnettverket og andre aktuelle samarbeidspartnarar. Invitasjon og anna aktuell informasjon om Møteplassen blir gjort tilgjengeleg på nettsida til Koordinerande eining Helse Førde HF.

Evaluering

Arrangementet Møteplassen blir evaluert internt i arbeidsutvalet og skriftleg av deltakarane på arrangementet.

Arbeidet i, og samansettinga av arbeidsutvalet, blir evaluert årleg ved ei orientering i Fagleg samarbeidsutval. Leiar av arbeidsutvalet er ansvarleg for at evaluering blir gjennomført.

Godkjenning av mandat

Mandatet er godkjent av Fagleg samarbeidsutval og avløyser frå den dato samarbeidsavtalen om fagnettverket. Behov for eventuelle revisjonar av mandatet skjer i Fagleg samarbeidsutval.

Til: Fagleg samarbeidsutval

Frå: Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef

Sak 29/24 Godkjenning av delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

Bakgrunn:

Oppfølging av sak 22/24 Godkjenning av delavtale: Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

Frå referatet:

Utkast til delavtale må tilbake til arbeidsgruppa for korrigering og endring i teksten som gjeld punkt 10 om reisetid frå heimen til fødeinstitusjon.

Fagleg samarbeidsutval tilrår at ny korrigert delavtale kjem til handsaming og vedtak i strategisk samarbeidsutval i løpet av hausten 24.

Aktuelt:

Punkt 10 i delavtalen er korrigert i tråd med punkt 3 i [Nasjonal faglig retningslinje - Fødselsomsorgen](#), sist oppdatert 4. mars 2024.

Framlegg til vedtak:

Fagleg samarbeidsutval godkjenner delavtalen og tilrår at delavtalen går til endeleg handsaming og vedtak i strategisk samarbeidsutval 03.10.24.

Delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

1. Partar

Avtalen er inngått mellom **xxxx** kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtalen er heimla med bakgrunn i:

- [Helse- og omsorgstenestelova §6-1 og 6-2 og 3-2](#)
- [overordna samarbeidsavtale](#) mellom kommunane i Helse Førde HF sitt føretaksområde og Helse Førde HF.
- [Samhandlingsreforma](#)
- [Rammeavtalen](#)
- [En gledelig begivenhet, om en sammenhengende svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.](#)
- [Et trygt fødetilbud](#)
- [Forskrift om kommunens helsefremmande og forebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta](#)
- [Nytt Liv og Trygg barseltid for familien](#)
- [Nasjonale fagleg retningslinjer for svangerskapsomsorga](#)
- [Nasjonal fagleg retningslinjer for barselomsorga](#)
- [Regional plan for svangerskap- fødsel- og barselomsorga i Helse Vest](#)

3. Føremål

Delavtalen har som føremål å avklare og konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket. Avtalen skal bidra til eit heilskapleg tenestetilbod og gode rutinar for samarbeid og samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta rundt den einskilde pasient. Partane skal planlegge sine tenester saman for å sikre medverknad og overgangane mellom spesialist- og kommunehelsetenesta for pasientane.

4. Verkeområde

Kommunen og helseføretaket er gjennom lovverket tillagt kvar sin kompetanse og kvart sitt ansvarsområde. Verkeområdet for delavtalen vil vere område der lova pålegg partane å inngå samarbeidsavtale og område der ansvaret til partane overlappar kvarandre.



5. Kvalitetssikring av tenestene

For å sikre god kvalitet og kontinuerleg utvikling av tenestene, skal partane samarbeide om fagleg oppdatering, vedlikehald av kunnskap og fagutvikling. Partane skal i kvalitetsarbeidet sjå til brukarundersøkingar og nasjonale kvalitetsindikatorar.

Partane skal syte for naudsynt samarbeid, arbeidsdeling og kommunikasjon mellom fastlege, jordmor, helsestasjon og helseføretak

Partane skal ha retningslinjer som er samordna for at gravide med spesielle behov vert ivaretekne (t.d. gravide med rusproblem-, psykiske- eller psykososiale problem og gravide med komplikasjonar i svangerskapet)

Partane syter for naudsynt informasjonsflyt. Elektronisk kommunikasjon skal brukast der det er tilrettelagt. Datatryggleik skal ivaretakast.

Partane skal ivareta sitt ansvar for utdanning/vidareutdanning av personale for å sikre kvaliteten i tenesta.

6. Samhandling og Informasjonsutveksling

Partane skal vektlegge utvikling av felles ordningar som sikrar naudsynt samhandling og informasjonsutveksling. Helsekort for gravide, føde- og barseljournal er sentrale verkemiddel for god samhandling. Partane skal vere knytt til Norsk Helsenett og arbeide for å utvikle og forbetre elektronisk kommunikasjon.

Helsekort for gravide er det viktigaste kommunikasjonsmiddelet mellom dei ulike omsorgsnivåa. Alle behandlarar pliktar å skrive funn og viktige meldingar på helsekortet.

Tilvisande instans i kommunen og fastlegen skal ha epikrise frå helseføretaket.

Partane har gjensidig ansvar for å sikre god informasjonsflyt om den gravide.

Kriteria for kven som skal tilvisast til helseføretaket skal vere kjent for jordmor og fastlege. Jordmor i kommunen kan tilvise direkte til spesialisthelsetenesta.

Partane nyttar eigne avvikssystem. Avvik som gjeld samhandling mellom partane skal meldast inn i felles avviksordning.

7. Samarbeidsarenaer

Det skal gjennomførast eitt årleg møte mellom jordmødrene i kommunen og helseføretaket. Begge paratar har ansvar for å kome med innspel til agenda. Helseføretaket har ansvar for å sende ut møteinnkalling og skrive referat.

Det skal gjennomførast eitt årleg møte mellom leiarar for helsestasjonstenesta, fødeavdelinga og God Start. Begge partar har ansvar for å komme med innspel til agenda. Helseføretaket har ansvar for å sende ut møteinnkalling og skrive referat.

8. Kompetanseutvikling og hospitering

Partane skal iverksette tiltak som bidreg til kompetanseutvikling og kjennskap til kvarandre sine verksemder.

Partane skal ivareta ansvar for utdanning/vidareutdanning av personale for å sikre kvaliteten i tenestene. Når partane gjennomfører relevante kurs, skal jordmødrer frå både kommunar og helseføretak inviterast.

Partane skal legge til rette for at jordmødrer kan hospitere både i kommune og på fødeavdeling.

9. Desentraliserte og differensierte tenester

Partane skal følgje opp intensjonane om desentraliserte tenester som er differensierte og tilpassa til behovet i regionar og enkeltkommunar. Det skal vere eigne særavtaler om lokale tenester knytt til svangerskap, fødsel og barsel (inklusive følgjeteneste) i dei regionane der det er behov for å utfylle denne delavtalen.

God Start ordninga som er etablerte i Nordfjord og Indre Sogn skal vidareførast. Denne ordninga inneber samarbeid om naudsynte jordmorstillingar for å dekke både kommunane og spesialhelsetenesta sine behov.

Det nærare innhaldet i ordninga og partane sine plikter er regulert i særavtalen. Ordninga skal evaluerast årleg før desember, jamfør punkt 14.

10. Følgjeteneste

Helse Førde HF har ansvar for beredskap og følgjeteneste for gravide og fødande. **Behovet for følgjeteneste skal vurderast når reisetida mellom heimen til kvinna og fødeinstitusjon er meir enn 1,5 time.** Følgjeteneste kan utførast av jordmor og/eller anna helsepersonell med tilstrekkeleg oppdatert fødsel kompetanse.

Helseføretaket vil organisere beredskaps- og følgjetenesta i samarbeid med kommunen.

For aktuelle kommunar skal organisering av følgjetenesta gå fram av særavtalar som omtalt i punkt 9.



11. Kjøp av tenester

For å etablere gode, forsvarlege løysingar skal det leggst tiltrette for at partane kan kjøpe tenester av kvarandre dersom dette er føremålstenleg.

12. Handtering av usemje/avvik, tvisteløysing, her under misleghald

Ved usemje skal partane følge [overordna samarbeidsavtale](#). Dersom ein av partane mislegheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekket av den som mislegheld avtalen. I tilfelle motstrid mellom delavtalen og sær avtalar eller samarbeidsavtalar etter denne delavtalen, har delavtalen førerrett.

13. Iverksetjing, varigheit, revisjon, oppseiing

Partane pliktar å gjere avtalen kjend for eigne tilsette, og sikre implementering i eigen organisasjon.

Avtalen trer i kraft frå **xxxxxx** og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist. Dersom ein av partane seier opp avtalen skal Helse Førde HF varsle Helse Vest RHF. Det regionale helseføretaket skal varsle Helsedirektoratet jf. [Helse- og omsorgstenestelova § 6-5 2. ledd](#).

Partane er samde om å gjennomgå avtalen årleg innan desember månad.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.



Norsk barnelegeforening

DEN NORSKE LEGEFORENING



BARNESYKEPLEIERFORBUNDET NSF

Til sykehusdirektør i
Helse Nord
Helse Midt
Helse Vest
Helse Sør-Øst

22.06.24

Styrke barnepalliasjonen innenfor rammen av Helsefellesskap Barn og Unge.

Henvendelsen ønskes videresendes til faglig samarbeidsutvalg (FSU) for barn og unge der dette er etablert. Dersom ikke, er dette en anmodning om en satsning på palliasjon for barn og unge.

Som dere er kjent med, legger Regjeringens [Helse og samhandlingsplan](#) frem en helhetlig strategi for barnepalliasjon. I denne sammenhengen har videreutviklingen av helsefellesskapene blitt nevnt som en sentral del av løsningene. Det er av vår oppfatning at en sterkere satsing på barnepalliasjon innenfor helsefellesskapene vil være avgjørende for å sikre best mulig omsorg og støtte for barn og deres familier. Samarbeidet mellom kommunale helse- og omsorgstjenester og spesialisthelsetjenesten må intensiveres for å sikre at barn og unge i palliasjon får tilgang til helhetlige og koordinerte tjenester.

Vi forstår at helsefellesskapene er etablert nettopp for å være en kraft for samarbeid og utvikling av tjenester, med spesiell vekt på barn og unge. Vi ønsker å oppfordre til en enda sterkere satsing på dette området, der helsefellesskapene tar ledelsen i å utvikle og iverksette modeller som integrerer kompetanse og kapasitet på tvers av kommuner og sykehus.

Vi ser frem til å samarbeide med dere for å styrke barnepalliasjonen innenfor rammen av Helsefellesskap Barn og Unge.

Vennlig hilsen

Hege Kristiansen
Leder Norsk barnelegeforening

Kirsti Egge Haugstad
Leder Barnesykepleierforbund - NSF

Til:

Fagleg samarbeidsutval

Frå:

Kjell-Wernik Nystøyl, interkommunal samhandlingskoordinator

Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef Helse Førde

Sak 31/24

Saka gjeld:

Status for Erfaringskonferansen og vegen vidare

Bakgrunn:

Oppsummering etter Erfaringskonferansen 2024:

Vart arrangert 12. og 13. juni på Thon Partner Hotel Jølster.

Programkomité:

Helse Førde:	Kommunane:
Eili Nygard Riise	May Tove Lyngset
Øyvinn Myrmel	Finn Ove Arnes
Arild Krogh Nøstdal	Thuy-Anh Le Nes
Ingun Indrebø	Kjell-Wernik Nystøyl
Dagrun Kyrkjebø	
Felles brukarutval:	
Ruth Berit Garfors	
Samhandlingslegane:	
Anita Sørheim	
Normund Svoen	

Tema:

Barn som pårørende (dag 1), ADHD (dag 2)

Antal deltakarar:

ca. 110 (13 kommunar + Helse Førde)

Tilbakemeldingar:

1/3 har svara på evalueringsskjemaet. Stort sett positive tilbakemeldingar på konferansen (score 3,69/5), spesielt på enkeltforedrag. Utfordrande å treffe alle deltakarar sidan programmet retta seg både mot dei som arbeider med vaksne og dei som arbeider med barn/unge. Nytteverdi av gruppearbeidet var det som fekk lågast score (3,17 av 5), men fleire av dei som har svara på evalueringa har

opplevd gruppearbeidet som positivt og nyttig. Har fått gode innspel til kva ein ønskjer som tema for seinare konferansar.

Vegen vidare:

Erfaringskonferansen har vore arrangert annakvart år, der ein annankvar konferanse har hatt tema psykisk helse og rus og somatikk. Konferansane 2019 og 2023 var for somatikk, medan 2022 og 2024 var for psykisk helse og rus.

I den overordna samarbeidsavtalen har partnerane forplikta seg til å arrangere erfaringskonferanse kvart andre år, jf. [Overordna samarbeidsavtale kapittel 7.0](#):

«Partnerane forpliktar seg til gjensidig kommunikasjon og erfaringsdeling gjennom regionale samlingar om samhandlingsavvik og erfaringskonferansen kvart andre år.»

Erfaringskonferansen har no vore arrangert tre år på rad, og spørsmålet melder seg om kva frekvens ein ønsker på denne konferansen i framtida. Det er ressurskrevjande å arrangere konferansar, i tillegg er det ressurskrevjande for tenestene å sende deltakarar på konferansar.

Sekretariatet presenterer ulike alternativ til drøfting:

- Arrangere Erfaringskonferansen annakvart år der ein deler opp tematikk som i dag mellom psykisk helse og rus og somatikk annakvar konferanse.
- Arrangere Erfaringskonferansen annakvart år for både psykisk helse og rus og somatikk. Då har ein høve til å gjennomføre fellessesjonar, men også parallellsesjonar for dei ulike fagområda.
- Sjå Erfaringskonferansen og Samhandlingskonferansen i samanheng med kvarandre og til dømes arrangere ein felleskonferanse årleg/annakvart år. Dette alternativet framstår mindre aktuelt sidan målgruppene er ulike for dei to konferansane.
- Arrangere Erfaringskonferansen årleg der ein deler mellom psykisk helse og rus og somatikk annakvart år. Dette alternativet inneber i så fall Erfaringskonferanse oftare enn forpliktinga til partnerane i høve samarbeidsavtalen.

Framlegg til vedtak:

Fagleg samarbeidsutval ber om at sekretariatet til neste møte presenterer eit konkret forslag til konferansfrekvens med bakgrunn i dei innspela som kom fram i møtet. Saka vert deretter å sende til Strategisk samarbeidsutval for vedtak med FSU si tilråding.

Stad, dato:

Førde, 27.08.24

Til:

Fagleg samarbeidsutval

Frå:

Jofrid Aardalsbakke Djupvik, prosjekt Digital heimeoppfølging

Sak 32/24

Saka gjeld:

Samhandlingsprosjekt KOLS/hjartesykt knytt til digital heimeoppfølging

Bakgrunn:

Digital heimeoppfølging starta i vårt område med eit pilotprosjekt i 2018 der Stad kommune var med. Kommunane Sogndal, Luster, Stryn og Sunnfjord er med i det som no er eit spreingsprosjekt (2022-2024), og prosjektet starta i frisklivsentralane i desse kommunane og er no utvida til heimesjukepleiesoner. Prosjektet ønsker fleire kommunar med i samarbeidet.

Mandatet for det lokale prosjektet i Helse Førde sitt opptaksområde er oppretta på bakgrunn av tidlegare avtale mellom Helse Førde og kommunane, «Avtale om digital heimeoppfølging», som igjen bygger på andre avtalar mellom partane.

Prosjekteigar for dette konkrete delprosjektet er kommunalsjef helse og velferd i Sunnfjord kommune saman med direktør for medisinsk klinikk i Helse Førde. Delprosjektet er eit samhandlingsprosjekt som har som målsetjing å utarbeide og implementere samhandlingsformer, forløp og rutinar for digital heimeoppfølging innan KOLS og hjartesykt mellom kommunar og helseføretak.

[Digital heimeoppfølging - E-helse Vestland \(ehelsevestland.no\)](https://ehelsevestland.no)

Framlegg til vedtak:

Fagleg samarbeidsutval tek orienteringa til vitande.

Stad, dato:

Førde, 22.08.24